
Fra: Øystein Valde <ystein.valde@bkkfiber.no>
Sendt: 31. mai 2016 13:49
Til: Postmottak Meland
Emne: Separering av privat stikkledning for avløp. Grønland 9.

Meland kommune.

I skrivet som er adressert, nyttar ein omgrepa *overvatn*, *kloakk* og *takvatn*.

I vedlegget "Reglar for tilskot til separering" er omgrepa *overvatn* (frå tak og vegsluk), *kloakk* og *spillvatn*.

I brosjyren "Plikt til å separere avlaupsleidningar" er det ein illustrasjon som viser vassleidninga inn i huset (blå) og eit rør ut frå huset(raudt) som samlar vatnet frå avløp i vaskar, dusjar, vaskemakinar og frå toaletta, altså det som i dag er kloakk. Så er det eit rør (grønt) som inneheld takvatn.

Mitt spørsmål blir då:

Viser illustrasjonene korleis det blir etter separasjonen, kloakk som no, pluss eige rør for takvatn og vatn frå vegsluk etc.; eller er det meininga at separasjonen skal begynna på bad- og toalettrommet slik at toalettet går i eitt rør og alt vaskevatn i eitt anna?

Elles kan eg opplysa at då vi bygde i 1973/74 rådde teknisk etat oss til å ikkje la takvatnet gå inn i kloakkleidningen, eit råd som vi følgde.

Med helsing
Øystein Valde